



Meny Knarvik  
Kvernhusmyrane 7A  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/27 - 17/7989

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
13.03.2017

## Vedkomande fettutskiljar ved Meny Knarvik - gbnr 188/764, Gjervik Ytre. Førehandsvarsel om vedtak om installering av større anlegg

Teknisk drift har motteke årsrapport frå Norsk Gjenvinning for utskiljaranlegg ved Meny Knarvik.

Av motteke årsrapport ser vi at Dykkar anlegg har for liten kapasitet. Temperaturen indikerer at anlegg har ingen funksjon. Ved temperaturer opp mot 30°C vil alt fett være løyst opp i avløpsvatnet og verte ført ut på kommunalt leidningsnett og avsettast der.

Dersom Meny Knarvik skal nytte eksisterande anlegg, må produksjon leggst om. Skal dagens produksjon oppretthaldast, må nytt større anlegg på plass. Teknisk drift ber Dykk om å gje ei skriftleg tilbakemelding på kva tiltak De vil setje i gong for å hindre ytterligere utslepp av fetthaldig avlaupsvatn.

Teknisk drift sett ei frist til: **måndag 27. mars 2017** for å gje ei tilbakemelding på kva tiltak De vil setje i gong for å hindre utslepp av fetthaldig avløpsvatn.

Fetthaldig avløpsvatn påfører kommunen sine anlegg store skader og medfører at kommunen får aukte drifts- og vedlikehaldskonstnader. Som abonnent på kommunale avløpstenester har kvar enkelt anleggs-eigar ansvar for å sørje for at deira anlegg tilfredsstillar dei krav søm er satt til utskiljaranlegg i lover, forskrifter, utslippsløyver og øvrige vilkår.

Fetthaldig avløpsvatn som vert ført ut på kommunalt nett medfører òg ei risiko for tilbakeslag av fetthaldig avløpsvatn/kloakk i bygg. Vi gjer merksam på at kommunen ikkje er ansvarleg for slike hendingar. Huseigar må sjølv sørgje for og påkoste utbetring av skadar som oppstår under slike hendingar.

### **Førehandsvarsel om vedtak om pålegg:**

Teknisk drift gir med dette brev eit førehandsvarsel om vedtak om pålegg om å installere større anlegg ved Meny Knarvik. Førehandsvarslinga er gitt iht forvaltningslova § 16.

*Det er med heimel i forureingsforskrifta § 15A-4, forskrift for fettutskiljar Lindås kommune (02.02.2006) og*

